



## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	17.04.2023	048/23
Giske kommunestyre	27.04.2023	032/23

### Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023 - 2033

#### Innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtar Giske kommunestyre forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033, revidert 03.04.2023.

#### 27.04.2023 Giske kommunestyre

Randi Furnes (KrF) fekk innvilga permisjon når saka vart opna.

Det vart først votert over tilrådinga frå formannskapet: Tilrådinga vart samråystes godkjend. Det vart deretter votert over forslag frå Senterpartiet ved Monika Vartdal Giske, punkt for punkt:

- Side 14: Næringsliv - tillegg: "Landbruket har vore og er ei viktig næring i Giske kommune, med fleire unge, hardtsatsande mantprodusenter. Landbruksarealet i Giske kommune er av dei viktigste landbruksareaala i fylket, men gjennomsnittsalderen hjå bonden er aukande og kan gjer at fleire gardar og landbruksareal går ut av drift."

Forslaget vart samråystes godkjend.

- Side 23 Øverste tabell: Legge til i første setning "Verne om naturen sin eigenverdi, .... samt berekraftig forvaltning av den."

Forslaget vart samråystes godkjend.

- Side 25-26 Tabell om landbruket:
  - punkt 2: fjerne "vurdere om" i setninga om lokal landbruksproduksjon skal inngå som...etc.

Forslaget vart godkjend med 12 mot 10 røyster. Høgre, Arbeidarpartiet ved Erlend G. Holm og Irene Folland, FrP og KrF ved Renate Giske og Svein Kåre Aarseth røysta imot forslaget.

- Legge til punkt "stimulere til fortsatt drift og for utvikling i landbruksnæringa, og for

å gje dei unge som ønsker seg inn i næringa støtte til det."

Forslaget vart godkjend med 16 mot 6 røyster. H, Venstre ved Jan Ove Skodje og Erlend G. Holm røysta imot

- Legge til punkt «Stimulere til økt matproduksjon i tråd med nasjonalt mål om å auke sjølvforsyningsgraden i Norge til 50%.»

Forslaget vart samrøystes godkjend.

- Legge til punkt "Handheve grunneigar si plikt til jordleigeavtalar dersom ein ikkje driv jorda sjølve til matproduksjon."

Forslaget fell med 15 imot 7: Senterpartiet, TLG ved Otto Stornes, Uavhengig Ole Furnes og KrF ved Sissel Vindvik røysta for forslaget.

Forslag vart fremja frå Marit G. Alnes (KrF): "*Konsekvensar av val i konseptvalutgreiving rv. 658 Ålesund-Vigra kan endre føresetnadane, men skal innarbeidast i arealplanen.*" Forslaget vart seinare trekt.

Det var 22 voterande i saka.

#### **K - 032/23 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtar Giske kommunestyre forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033, revidert 03.04.2023, med følgjande endringar:

\* Legge til rette for at det vert etablert nye buformer som sikrar at eldre kan bu lenger heime på alle øyane.

\* Fjerne setning under næring side 14: "Utbygging og utvikling av næringsområdet bil bli krevjande og det er behov for å styrke ressursar som jobbar i næring- og eigedom i kommunen for å handtere dette"."

\* Fjerne setning under Kommunesenter Valderhaugstrand og Skaret: "I gjeldande plan er det lagt opp til at detaljhandel i hovudsak skal etablerast på Sætra."

\* Endringar side 19: - Om Ytterland - endre "Ikkje buss til flyplassen" til "målsetninga er at bussen skal stoppe på Ytterland."

    - Legge til etter siste setning, før parentes: "Det har i aukande grad vorte lokalsenteret også for folket på Giske og Godøya."

Helse og omsorg side 13, avsnitt 2, Tillegg etter siste setning: "Dette aukar behovet for heilskaplege og godt koordinerte tenester og stille tydlegare krav til butilhøve."

Side 23 første tabell, tillegg til kulepunkt 3: "Universelt utforma stiar skal vektast."

Side 23 andre tabell, kulepunkt 7: "Nye bustadar bør byggast slik at dei har éin komplett hovudetasje som ein kan leve i lengst mogleg."

Side 14: Næringsliv - tillegg: "Landbruket har vore og er ei viktig næring i Giske kommune, med fleire unge, hardtsatsande mantprodusenter. Landbruksarealet i Giske kommune er av dei viktigste landbruksareaala i fylket, men gjennomsnittsalderen hjå bonden er aukande og kan gjer at fleire gardar og landbruksareal går ut av drift."

Side 23 Øverste tabell: Legge til i første setning "Verne om naturen sin eigenverdi, .... samt berekraftig forvaltning av den."

Side 25-26 punkt 2: fjerne "vurdere om" i setninga om lokal landbruksproduksjon skal inngå som..." etc.

Side 25-26 Legge til punkt "stimulere til fortsatt drift og for utvikling i landbruksnæringa, og for å gje dei unge som ønsker seg inn i næringa støtte til det."

Side 25-26: Legge til punkt «Stimulere til økt matproduksjon i tråd med nasjonalt mål om å auke sjølvforsyningsgraden i Norge til 50%.»

#### **17.04.2023 Giske formannskap**

Tilråding frå eldrerådet: To punkt. samrøystes punkt en. harry, louise, geir arne, kåre, marit imot punkt om uttale i plansaker.

Tilråding frå teknisk utval: punkt ein - samrøystes, punkt to - ta vekk "betydeleg" - samrøystes, punkt tre - ta vekk første halvdel, resten samrøystes, siste kulepunkt - samrøystes.

Tilråding frå RMF: nye bustadar BØR byggast - elles samrøystes godkjend.

Innstillinger med tilrådingane frå råd og utval, spesifisert over, vart samrøystes godkjend.

## F - 048/23 Vedtak:

### Tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtar Giske kommunestyre forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033, revidert 03.04.2023, med følgjande endringar:

\* Legge til rette for at det vert etablert nye buformer som sikrar at eldre kan bu lenger heime på alle øyane.

\* Fjerne setning under næring side 14: "Utbygging og utvikling av næringsområdet bil bli krevjande og det er behov for å styrke ressursar som jobbar i næring- og eigedom i kommunen for å handtere dette"."

\* Fjerne setning under Kommunesenter Valderhaugstrand og Skaret: "I gjeldande plan er det lagt opp til at detaljhandel i hovudsak skal etablerast på Sætra."

\* Endringar side 19: - Om Ytterland - endre "Ikkje buss til flyplassen" til "målsetninga er at bussen skal stoppe på Ytterland."

- Legge til etter siste setning, før parentes: "Det har i aukande grad vorte lokalsenteret også for folket på Giske og Godøya."

Helse og omsorg side 13, avsnitt 2, Tillegg etter siste setning: "Dette aukar behovet for heilsakplege og godt koordinerte tenester og stille tydlegare krav til butilhøve."

Side 23 første tabell, tillegg til kulepunkt 3: "Universelt utforma stiar skal vektast."

Side 23 andre tabell, kulepunkt 7: "Nye bustadar bør byggast slik at dei har éin komplett hovudetasje som ein kan leve i lengst mogleg."

### Vedlegg

Kommuneplanen sin samfunnsdel - rev. 03.04.2023

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033

### Saksutgreiing

Formannskapet behandla forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033 på møte den 06.03.2023, sak 030/23:

*Gunnar Morsund (TLG) fremja forslag om å legge til "Målet er å utvikle dette til ein møteplass med fleire tilbod for heile kommunen" i avsnittet om Ytterland lokalsenter Trafikknutepunkt.*

*Fellesforslag/Forslag frå Monika Vartdal Giske (SP): Oppvekst: "Giske kommune har vore igjennom ei strukturendring i skulesektoren og ynskjer å halde fram med det som i dag er ein godt fungerande skulestruktur med ein barneskule på kvar øy og ein felles ungdomsskule. Ved å behalde strukturendringa som no, vil det gje Giskeskulen ro til å utvikle seg i hht dei måla ein no har."*

*Forslag frå Harry Valderhaug (KrF): Endre frå "antal barnehagar" til "antal*

*barnehageplassar”.*

*Fellesforslag om endring side 28: Kulepunkt 8 - Stryke “bibliotek”.*

*Alle endringsforslaga vart samrøystes godkjend.*

*Innstillinga med endringsforslaga vart samrøystes godkjend.*

### **Heimelsgrunnlaget**

Plan- og bygningslova kap. 11

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Eit godt kunnskapsgrunnleg gjer det mogeleg å gjere smartare val i planlegginga. Ved å legge FN sine berekraftsmål til grunn i planlegginga kan ein ikkje oppnå økologisk, sosial og økonomisk utvikling isolert frå kvarandre. Økonomisk berekraft er avhengig av at økologisk og sosial berekraft er ivaretatt.

#### **Vurdering:**

Plandokumentet er revidert i følgje vedtaket i formannskapet.

Gul uteving av tekst er endringane som formannskapet har tatt stilling til tidlegare.

Lilla tekst er endringane i siste møte.

Raud tekst er tekst som skal strykast.

Kommunedirektøren tilrår for kommunestyret å vedta kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033 (rev. 04.03.2023) slik den ligg føre.